



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmesteren for Svalbard

Kopi til:

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Dato: 21.06.2024  
Vår ref: 24/00852-11  
Deres ref:

## Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Masseuttak Midtbotnvatn i Kvinnherad kommune. Tiltakshavar: Sunnhordland Kraftlag AS

**POST- OG BESØKSADRESSE**

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** post@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS om driftskonsesjon for uttak av massar frå Masseuttak Midtbotnvatn, datert 29.02.2024.

### 1. Tildeling av driftskonsesjon

DMF tildel Sunnhordland Kraftlag AS med organisasjonsnummer 916435711, heretter kalla «tiltakshavaren», driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Masseuttak Midtbotnvatn under høgste regulerte vasstand (HRV) i magasinet til Dam Midtbotnvatn som ligg på eigedom med gbnr. 104/1 og 104/2 i Kvinnherad kommune.

Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit samla areal på kring 46 daa og går fram av kart namngitt «Masseuttak Midtbotnvatn i Kvinnherad kommune», produsert av DMF den 30.05.2024, vedlegg 1.

Masseuttaket etablerast i samband med oppgraderinga av Dam Midtbotnvatn, som er ein del av inntaksmagasinet til Blåfalli V kraftverk i Blådalsvassdraget. Området er i kommuneplanens arealdel 2016-2026<sup>1</sup> angitt med arealformål «*Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørede strandsoner*» og med båndleggingssone etter anna lovverk med omsynssone *H740 Reguleringsmagasin*. Det er i vedtak frå kommunen i sak 2024/4 datert 31.01.2024 gitt uttrykk for at det ikkje krevs dispensasjon få arealplanformålet.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving, jfr. mineralloven § 5. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

---

<sup>1</sup> Planid.: 4617\_20140002



## 2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

### 2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### 2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

### 2.3. Ørvig vilkår

*Vilkår konsesjonsgrense*

Før oppstart av drift, skal konsesjonsgrensa for massetaket setjas ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

## 3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Masseuttak Midtbotnvatn. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket, vedlegg 2.

## 4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF

NVE har i samband med si godkjenning av detaljplanen hatt saka på høyring til kommunen, fylkeskommunen, statsforvaltaren, miljødirektoratet og mattilsynet. Her var også masseuttaket omfatta. Dispensasjonssøknaden som ligg til grunn for ovannevnte sak 2024/4, er ikkje sendt på høyring, men nabovarsla da dei samla tiltaka i nokon grad vil påverke naboars interesse. Dispensasjonsvedtaket av 31.01.2024 er også sendt i kopi til statsforvaltaren og fylkeskommunen.

Både høyringa og nabovarselet ble gjennomført siste halvdel av 2023.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

### ***Vestland fylkeskommune***

*Seksjon for kulturarv* har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Dei kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som vert ramma av dei omsøkte tiltaka, men påminn om varsemds- og varslingsplikta i kulturminnelova § 8.

*Seksjon for fysisk aktivitet og inkludering* vurderer at dei planlagde tiltaka sine konsekvensar for friluftslivet vil være i form av støy og visuell påverknad som følgje av



anleggsarbeidet, noko som kan avbøtast med midlertidig støyskjerming og god informasjon av tiltaket til turgåarar.

### **Statsforvaltaren i Vestland**

Statsforvaltarens fråsegn er sitert i NVE sitt vedtak, og hovudtrekka tas inn også her:

*«Rehabilitering av damanlegget er nødvendig og har stor samfunnsnytte. Det må akseptast noko påverknad på naturmiljø og friluftsliv, men inngrep og ulemper må avgrensast så langt som råd. Vi legg generelt til grunn at området blir stelt til etter moderne prinsipp, med bruk av lokale massar, lokalt plantemateriell og med naturlege førekomstar på staden som førebilete.*

*Naturmiljø og friluftslivinteresser er vurdert i planlegginga, og ser ut til å bli teke omsyn til så langt det er mogleg for eit slikt omfattande tiltak. Anleggsaktivitet og tiltak er i hovudsak planlagt på eller nær eksisterande inngrep, og det er planlagt avbøtande tiltak i tråd med prinsippa ovanfor. Planlagt steinuttak skal skje i magasinet, og eventuelt i eit eksisterande steinbrot. Vi legg til grunn at det blir nytta landskapsarkitekt til å rettleie tilbakeføringa.»*

(...)

*«Det er planlagt tilretteleggingstiltak under anleggsarbeidet, og vi tilrår at det blir halde god dialog med friluftslivinteressene.*

*Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243 (...) at eventuelt mellombels steinknuseverk skal meldast til Statsforvaltaren å fastsett skjema.*

*Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.»*

DMF tar fråsegna til etterretning.

For orden skyld tar vi også inn delar av vurderinga som NVE har gjort etter naturmangfaldslova:

*«I influensområdet til Dam Midtbotnvatn er det ikke gjort funn av rødlistede arter eller naturtyper. Planene som foreligger, vil etter NVEs mening ikke være i konflikt med forvaltningsmålet for naturtyper og økosystemer gitt i naturmangfoldloven § 4 eller forvaltningsmålet for arter i naturmangfoldloven § 5.*

*NVE har også sett på virkningen fra tiltaket i sammenheng med andre påvirkninger på naturtypene, artene og økosystemet. Dam Midtbotnvatn ligger i et område preget av kraftutbygging, med veg inn som er åpen for allmennheten. Rehabiliteringen vil i hovedsak dreie seg om arbeider knyttet direkte til eksisterende inngrep. Moreneuttaket fra Vasslia er eneste nye inngrep i planen. Konsesjonær har laget en plan og illustrasjon for tilbakeføring og revegetering av området, som vi legger til grunn for godkjenning av*



*detaljplanen. Den samlede belastning på økosystemet og naturmangfoldet er blitt vurdert i henhold til naturmangfoldloven § 10. Den samlede belastningen anses ikke så stor at den blir avgjørende for vurderingen.»*

### **Nabofråsegn**

DMF har merket seg at dei tre nabomerknadene i all hovudsak knytt seg til evt. bruk av parkeringsplass og opprusting av veg og møteplassar, samt sjenerande støy og risiko for forureining. I tillegg er det vist til at det er ørn, flaggermus og ender i området, samt yngleplass for frosk og gytebekk for fisk. Tiltakshavar sine kommentarar til fråsegna er gjengitt på side 10 flg. i dispensasjonsvedtaket, og kommunen har vurdert dei som dekkjande.

DMF vurderer det same. Vi synar elles til våre vurderingar i pkt. 5 nedanfor.

### **Ågotelv Hyttelag**

Ågotelv Hyttelag sine merknader gjeld veg og parkering – tema som høyrer heime i kommunens handsaming av saka.

DMF vurderer at saka, med dei høyringsprosessar og vurderingar som nyleg er gjennomført av henholdsvis NVE og kommunen, er godt nok opplyst. Kopi av tildelinga sendast til dei offentlege høyringsinstansane.

## **5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse.

Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggast vekt på om søkjaren er "kvalifisert" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten.



Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale om bruk av kommunal grunn mellom Kvinnherad kommune, sektor teknikk og miljø, datert 20.09.2023 med henvisning til saksnr. 2022/4242-11, som dokumentasjon for utvinningsrett på gbnr. 104/1 og 104/2 i Kvinnherad kommune.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

## 5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit samla areal på kring 46 daa og går fram av kart namngitt «Masseuttak Midtbotnvatn i Kvinnherad kommune», produsert av DMF den 30.05.2024, vedlegg 1.

Kraftverket Blåfalli V med regulering av Blådalsvassdraget er gitt konsesjon til regulering 20.05.1949.

Oppgraderinga av dammen er unnateke frå krav i plan- og bygningslova jf. plan- og bygningslova § 20-6 og byggjesaksforskrifta § 4-3 bokstav b. Tiltaket må jamvel vera i samsvar med formålet i plangrunnlaget for området. Området er i kommuneplanens arealdel 2016-2026<sup>2</sup> angitt med arealformål «*Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone*» og med båndleggingssone etter anna lovverk med omsynssone *H740 Reguleringsmagasin*. Det er i vedtak frå kommunen i sak 2024/4 datert 31.01.2024 gitt uttrykk for at det ikkje krevs dispensasjon få arealplanformålet.

Detaljplan for miljø og landskap for området er godkjent av NVE i vedtak av 11.10.2023.

## 5.3 Økonomien i prosjektet

DMF vurderer at Sunnhordaland Kraftlag AS er økonomisk kvalifisert.

## 5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 46 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 160 000 faste m<sup>3</sup>. Uttaket er planlagt utført i forberedande sesong til damarbeidet, frå mai til oktober 2024, men med mogleg uttak

---

<sup>2</sup> Planid.: 4617\_20140002



av massar også i sesong 2. Masseuttaket vil skje i eksisterande steinbrot i magasinet i Midtbotnvatn, under høgaste regulerte vasstand (HRV).

I driftsplanen er det skissert to alternative uttaksområde ettersom uttaksområda låg under vatn ved ingeniørgeologisk kartlegging og bergmassens oppsprekkingsgrad derfor ikkje er kjent. *Alternativ 1* ligg i nordre del av Midtbotnvatn og skal drivast mot nord. Uttaket vil ha ein pallhøgde på maksimum 15 meter og botnkote på +728, total veggvinkel vil bli 46 grader. *Alternativ 2* ligg sørvest for alternativ 1 og skal ha driveretning mot øst. Dette uttaket planleggast med ein pallhøgde på maksimum 15 meter mot nord og 5 meter mot sør, botnkote er satt som ved eksisterande brot på +724. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpande. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til omsynssone H740 Reguleringsmagasin.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Masseuttak Midtbotnvatn godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **5.5 Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

### **5.6 Kva kompetanse søkjaren har til å drive førekomsten**

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Kjell Petter Hamre som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.



I tillegg har søkeren opplyst at disse personane med teknisk kompetanse arbeider hos entreprenør som er innleigd av Sunnhordland Kraftlag AS:

- Kenneth Eie Pettersen, prosjektleder med blant annet utdanning innen teknisk fagskole - bygg og anlegg
- Bernt Hagevold, anleggsleder med blant annet utdanning frå Stavanger Ingeniør Høgskole – anleggslinje
- Knut Henning Nærem, bergsprengingsleiar med blant annet fagbrev anleggsmaskin
- Jan Ove Kjellesvik, driftsleder med blant annet fagbrev anleggsmaskinfører
- Preben Liland, ass. anleggsleder/prosjektingeniør, utdannet sivilingeniør (MSc Project Management (Master)) samt BSc Byggingeniør

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

### **5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Masseuttaket ligg i omsynssone *H740 Reguleringsmagasin* og det finst ein godkjend Detaljplan for miljø og landskap for uttaket. Detaljplanen gjer greie for miljøverdiar i området og korleis uttaket vil påverke miljøet. I godkjenningsvedtaket har NVE vurdert flaum og skredfare, samt naturmangfald.

#### *Vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Dispensasjonsvedtaket frå kommunen, Detaljplanen og vedtaket frå NVE inkl. høyringsfråsegn og nabomerknader, driftsplanen samt eigne søk i økologiske grunnkart, naturbase og artskart (gjennomførte den 20.03.2024) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden.

DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

DMF har ikkje avdekt naturverdiar eller artar registrert som trua eller nær trua i Norsk raudliste for artar innanfor konsesjonsområdet. Dei registrerte trua eller nær trua artane som finst elles i området er anten karplantar/mosar som ikkje blir berørt, eller fuglar som, basert på føretrekt leveområde og tiltakets lokalisering under HRV er vurdert å ikkje påverkast negativt av uttaket. Dette bekreftast også av statsforvaltarens fråsegn i NVE saken og av NVE si vurdering, samt av kommunens vurdering i dispensasjonsvedtaket. Vi synar til sitata under pkt. 4 ovanfor.

DMF legg derfor til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta omfattande vurderingar etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12.

#### *Vassførekomststar og drikkevasskjelder*

Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta) regulerer fastsetjing av miljømål som skal sikra ein mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av



vassførekomstane. Tilstanden i ferskvatn, grunnvatn og vatn i kystnære område skal vernast mot degradering, og forbetrast og blir retta opp igjen med sikte på å nå miljømåla i §§ 4-7.

I tillegg gjeld et generelt forbod mot å forureina drikkevatt, jfr. drikkevattforskrifta § 4.

Det er ikkje registrerte drikkevasskjelder ved masseuttaket<sup>3</sup>.

Uttaket ligg i botn av reguleringsmagasinet i Dam Midtbotnvatn (042-1478-L).

Formålet i vannforskriften er å sikre helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannmiljøet. Det overordna målet er at alt vann skal ha god økologisk og kjemisk tilstand jf. vannforskriften §§ 4 til 7. Det er kun på strenge vilkår i samsvar med vannforskriften § 12, at det unntaksvis kan åpnes for ny aktivitet eller nye inngrep som fører til forringelse av tilstanden eller at miljømålene ikke nås.

Tiltakshavar opplyser at Detaljplan for miljø og landskap er godkjent i henhold til vassdragslovgivinga. Om forholdet til vassforskrifta skriv Tiltakshavar vidare:

*«Midtbotnvatn er en del av et brevassdrag og mottar smeltevatn fra Svelgabreen/Folgefonna. Midtbotnvatn (ID 042-1478-L) er en sterkt modifisert vannforekomst (SMVF) der påvirkningsgraden fra vannkraft er satt til «Stor grad». Miljøtilstanden, økologisk potensial, er «Moderat» og kjemisk tilstand er «Udefinert» jf. Vann-Nett (06.05.2024). Innsjøen har en betydelig reguleringshøgde 71,0 m (naturlig vannstandskote 735,5 moh, dvs. 35,5 m heving og 35,5 m senking). Magasinet fylles i løpet av sommer og høst og tappes ned vinter og vår. Vannstandsregulering og overføring har medført at habitatet i innsjøen er endret. Vannkvaliteten har høyt innhold av silt og leire og lav temperatur. Midtbotnvatn er naturlig fisketomt (dvs. det er ikke påvist fisk her). Strandsonen er erosjonspåvirket og forekomsten av bunndyr er vurdert som avgrenset. Det er ikke realistisk å oppnå god økologisk tilstand i denne vannforekomsten. Miljømål, økologisk potensial, er satt til «Godt» og kjemisk tilstand «God» jf. Vann-Nett. Det er naturlig lite organisk materiale og lite biologisk liv i innsjøen. SKL kan ikke se at tiltaket i vesentlig grad endrer ved forholdene i innsjøen eller miljømålene for vannforekomsten.»*

DMF vurderer at forholdet til vassforskrifta § 12 jfr. § 5, med dette er teke omsyn til.

#### *Kulturminne*

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området<sup>4</sup>. Dersom det blir oppdaga kulturminne i området, gjeld varslingsplikta i kulturminnelova § 8 andre ledd.

DMF har med dette kome til at det ikkje finst avgjerande miljømessige konsekvensar eller konsekvensar for kulturminne som talar mot å innvilge konsesjon.

## **5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift**

<sup>3</sup> Ref. GRANADA - Nasjonal grunnvannsdatabase

<sup>4</sup> Ref. kulturminnesøk.no



Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

I driftsplanen opplysast det at steinbrotet er ein del av eit større anleggsområde og at sjølv anleggsområdet skal sperrast av med bom. Det påpekast at for å komme til brotet må ein først forsere anleggs- og riggområde som skal være stengt for utanforståande. Det går vidare fram at uttaksområdet ligg utilgjengeleg til med dammen som hinder i vestre del og utilgjengeleg bratt terreng mot nord. Det skal settast opp skiltar som varslar anleggsområde og sjølv uttaket skal sikrast med midlertidig gjerde. Det framkommer også i driftsplanen at det skal utførast fortløpande reinsk under drift.

I forhold til sikring for tredjeperson på vinteren skriv Tiltakshavar i driftsplanen at det er lite/ingen ferdslar i området på vinterstid og at snøskuterkøyring i området ikkje er tillat utan forutgåande søknad om dispensasjon. Det opplysast at Tiltakshavar har generell dispensasjon for å køyre i forbindelse med vinterdrift av kraftstasjonane i området og at deira personell er godt kjent i området og køyrer trygge løyper. Det opplysast vidare at det ikkje er noko turløypa for skigåing i området og at det heller ikkje er observert skiløparar på vinteren. Det påpekast at det er vel kjent blant lokalbefolkninga at dei fleste større vatn i dalføre er regulert, noko som gjer at ein held seg vekk frå disse. Av driftsplanen går det også fram at det er utarbeida ei SHA-plan av byggherre kor eigen risikovurdering er gjort og forholdet til 3. person er omtalt og vurdert.

Brotet vil vere synleg under uttak men etter istandsetting og oppfylling av magasinet vil brotet være avgrensa synleg i følgje driftsplanen. Steinbrotet vil medføre støy som følgje av sprenging, lasting og lossing men dette påpekast at vil føregå over ein kort periode. Driftsplanen skildrar at aktuelle tiltak for å redusere støvutslepp er vatning av massar, område og vegar i tørre periodar. For å hindre avrenning inn i magasinet kan det bli aktuelt å midlertidig leggje om to bekkar som renner på nordsida av brotet.

DMF har kome til at det ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga: sand, grus, puk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg. Per 2022 blir det brukt 16 tonn per innbyggjar i Noreg kvart år.

Uttak av massar i masseuttak Midtbotnvatn skal nyttast til støttefylling og skråningsvern i samband med oppstraums påbygging på dam Midtbotnvatn. Uttaket er nødvendig for å oppgradera demninga, og det er utført ingeniørgeologisk kartlegging for å finne den mest eigna lokaliteten. Oppgraderinga av dammen vil medføre mange arbeidsplassar i periode kor utbygging går før seg.

### **5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Planlagt etterbruk av området er omsynssone H740 Reguleringsmagasin. I følgje driftsplanen skal det tilbakefyllas med massar inn mot brotveggene ved avslutning. Det



skal nyttast overskotsmassar til istandsetjinga. Tilbakefyllingen skal ha ei helling på mellom 1:1,5 og 1:2 avhengig av kva masse som blir nytta. Tiltakshavar skriv i driftsplanen at sidan dei alternative brota er under HRV vil det ikkje bli behov for ytterlegare sikringstiltak etter avslutning.

Det skal ikkje etablerast faste installasjonar eller andre tiltak i området. Alt utstyr og skrot skal ryddast og fjernast etter avslutta uttak.

Av driftsplanen går det fram at brotet berre vil være synleg ved lav vasstand etter ferdig drift ettersom brotet ligg under HRV og ein sprenger seg nedover i magasinet. Kantane og skjeringskantane i brotet skal rundast av mot naturleg topografi/landskapsform lokalt. Overgangar til eksisterande terreng skal gjerast minst mogleg synleg ved oppfylling mot skjeringsvegger, pigging av kantar og eventuelt finsprenging kor det vil kunne gi nødvendige arronderingsmassar eller betre landskapstilpassing.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

## **6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

For overdraging av driftskonsesjonen krevs søknad til og godkjenning frå DMF, jf. minerallova § 45 a.

## **7. Plikter for tiltakshavaren**

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### **Meldeplikt ved oppstart og stans av drift**

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### **Drifta skal utførast med varsemd**

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødige forureining eller skade på miljøet.

### **Forsvarleg sikring og opprydding**



Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

#### **Ansvarlet til bergteknisk ansvarleg**

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

#### **Rapportering**

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

### **8. Rett til å klage**

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. Klaga skal vera underteikna og beskriva kva det blir klaga på og kva endringar som blir ønskte. Det bør gis ei grunngeving for klaga.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumentata.

Vennlig hilsen

Marte Kristoffersen  
seksjonssjef

Trude Aune Sagvik  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje håndskrevne signaturer.*

Saksbehandlar: Trude Aune Sagvik

Vedlegg:

Konsesjonsområde



## Godkjent driftsplan

### Mottakere:

Sunnhordland Kraftlag AS - SKL AS	Postboks 24	5401 STORD
--------------------------------------	-------------	------------

### Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301 OSLO
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470 ROSENDAL
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Norconsult AS Molde	Grandfjæra 24	6415 MOLDE